

Scenekunst

TEATER MUSIKK DANS POLITIKK

Nyheter Debatt Kritikk Intervju



Foto: Ida Gøytil

Sex i rokokkostil

I skodespelarfoajeen på Centralteatret utspel det seg eit barokk kammerdrama med leik, lyst og begjær, med dauden til følgje. Det er blitt ei vellukka framsyning som maksimerer det teatrale potensialet i teksten.

KRITIKK 7.8.2019	 Twitter Facebook
 Froydis Århus	

FAKTA
<i>Kvartett</i> ,
Oslo Nye Centralteatret, premiere 3. august 2019
Dramatikar: Heiner Müller <p>Regi, idé og konsept: Ilene Sørbøe Skodespelarar: Marte Germaine Christensen og Ivar Furre Aam Omsett av: Preben Faye-Schjell Lys og lyddesign: Thomas Gallagher Foto: Ida Gøytil</p>
Meldt: 3. august 2019

«Tid/rom: i en salong før den franske revolusjon/bunker etter 3. verdenskrig.» Dette er all informasjonen Heiner Müller gjev om kvar handlinga i *Kvartett* er meint å finne stad. Dramaet var skrive i 1980, og er blant Müller sine mest spelte. Med Centralteatret sin vakre skodespelarfoajé frå 1826 til disposisjon er det ikkje rart at regissør Ilene Sørbøe vel det fyrste alternativet og legg handlinga til seint 1700-tal.

Heiner Müller var som regel forsiktig med å gi informasjon om rom og utforming og let mykje vere opp til den enkelte regissør. Difor kan vi tillate oss å dvele litt ved nettopp dette. Publikum sit på galleriet over skodespelarfoajeén og ser scena frå fugleperspektiv. Centralteatret er til dags dato Noregs eldste teaterbygg i drift og vart teikna av arkitekt Herman Major Backer. Backer står også bak praktbygg som Olympen og Arbins Gate 1, siste heim til Henrik Ibsen. Sjølv om Centralteatret vart kraftig bygd om på 1890-talet var det opphavleg bygd i pseudo-rokokko, ei slags imitasjon av den sein-barokke ornamentikken frå

1750-talet. Dette er nokså passende, for *Kvartett* av Heiner Müller er i høgste grad både ornamentert og pseudo-rokokko av natur. Den er skrive i 1980 med eit språk som ved fyrste augekast ikkje høyrer til i postmodernismens strenge minimalisme og dekonstruksjon, men snarare fransk litteratur frå tida omkring den moderne romanens barndom på 1700-talet. Setningane er lange og kan likne monologar, og sjølv historia er ei komprimering av brevromanen *Forbude forbindelser* (*Les liaisons dangereuses*) av Pierre Ambroise François Choderlos de Laclos.

Barokk + teatralitet = sant

Overklasseskildringane frå barokken byggjer på grunnleggjande teatrale ideal med pudderparykkar, kvitsminka andlet, påmalte skjønnhetsplettar og prangande drakter. Også etikette og kutyme var regissert og noye innstudert av begge kjønn for å passere som comme-il-faut. Maktkampen mellom dei tidlegare elskarane Merteuil og Valmont tek form som eit rollespel der dei går inn og ut av kvarandre sine roller og leikar med sjalusi, sex, vanvit og kjønn med døden som utgang. Merteuil og Valmont er gamle elskarar og Merteuil vil gjerne at Valmont skal gjenoppta jakta på henne. Han derimot er ferdig med henne og har går vidare på neste bytte, ei gift og from kvinne som gjev han den motstanden og jaktgleda han søker. Handlinga ligg stad i løpet av ein kveld, i eitt rom, og tek form som ein lang dialog der Müller brukar dialogen som eit middel til å leike med idéhistorie og filosofi. Andre meir perifere karakterar vert også sylet av Valmont og Merteuil, og eg vert aldri heilt sikker på om dei faktisk er der reint fysisk, eller om dei kun vert etterapa og imiterte. Dei to skodespelarane, Marte Germaine Christensen og Ivar Furre Aam er kledd i barokke kostymar. Ho entrar scenen, går bort til toalettbordet og tek på seg ein av parykkane medan den skalla parykkdokka frå toalettbordet vert nytta som motspelar og sexpartner og ber rollen som Valmont inntil han sjolv entrer scenen. Dette er ein leik med fiksjon, ein slags spel i spelet som går inn i rekka av teatrale grep.

Sjølv om setningsbyggnaden til Müller er perfektjonert og finsnekra er det som vert sagt både frivolt og til tider obskønt. «Er det ikke blasfemi å åpne en slik munn utelukkende for inn- og utånding og næringstilførsel. Å begrense denne storartede bakkeds gylne midtpunkt til den tarvelige oppgave å slippe ut ekskrementer...» Det er til tider komisk, sjølv om tragedien ligg som eit lokk over dei tomme liva dei lever. Spelestilen til Christensen er oppstylda med raus bruk av dynamikk og utstudert diksjon. Furre Aam sin spelestil er meir daglegdags og tona ned. Dette gjeld også kroppsspråket og mimikken hans noko som skapar ein fin kontrast mellom dei to karakterane der dei får lov til å spele på ulike register. Teksten og kanskje også regien legg opp til at skodespelarane får rikeleg med plass til å briljere med skodespelarfaget, noko som kler teksten godt. Som nemnt har regissøren generelt stor fridom i denne teksten av Müller, og Sørbøe har valt å hente fram den humoren som ligg der allereie.

Parallell til Hedda Gabler

Dei to karakterane er latterlege der dei lever i ei aristokratisk boble, verna mot den verkelege verda. Livet inni bobla verkar å vere så trygt og bekyrningslaust at dei står i fare for å keie seg i hel. Keisemda som drivkraft for drastiske handlingar får meg til å tenke på Hedda Gabler som utan anna motiv enn rein keisemd manipulerer Eilert inn i døden. Furre Aam som Valmont iklar seg på eit tidspunkt rolla som kvinne. I det han går ut av denne rollen og seier noko i retning av at han godt kan like å vere kvinne, parerer Christensen som Merteuil at ho gjerne skulle sagt det same. Også dette motivet, det å lengte etter det motsette kjønn sine privilegium gjennomsyrer Hedda Gabler, som i oppveksten, takka vere yrkesmilitær far fekk ein smak av dette, for ekteskapet fanga henne i kvinneverollen. Dette gjeld nok i større grad Hedda enn Merteuil, men like fullt, Merteuil kjenner på ei avmakt ved det å vere redusert til jaktbytte og trofé i møte med menns seksualitet. Særleg når ho ikkje meistrar jakta og hennar posisjon er truga av yngre kandidatar. Det endar med at Aam i rolla som Valmont som speler Merteuil døyv av ein gift-dose han drikk frå eit vinglas. *Kvartett* av Müller eller snarare *Forbude forbindelser* av Laclos syner kva krefter som tek tak i menneske når begjæret etter sex og jakta på byttet gjer at sjølv kjærleiken vert sett i bakgrunnen.

Fugleperspektivet gjer at vi som publikum kan fylgje denne jakta på trygg avstand og gjev ei kjensle av å vere tilskodar til ein hanekamp der kun ein kan kome levande ut. Med unntak av visuelle brot med neonfarga ljøs og ein kort og intens danseseanse til Cascadas *The Rhythm Of The Night* er *Kvartett* på Centralteatret eit barokk kammerspel som held på barokkfiksjonen heilt til oksygenet på det varme galleriet over skodespelarfoajeén er brukt opp. Dette gjer at den siste scenen med giftbegeret reint fysisk kan kjennast på kroppen, akkurat så kvelande og klaustrofobisk som død ved gift truleg er. Oppsettinga er ei leiken og vellukka versjon av Müller sin tekst som trass i det vesle ensemblet evner å maksimere det teatrale potensialet og sende oss på ei tidsreise attende i teaterhistoria.

KOMMENTER VIA FACEBOOK	KOMMENTER
Din e-postadresse vil ikke bli publisert. Obligatoriske felt er merket med *	
<div><div><div><div><div><div></div></div></div><div><div><div></div></div></div></div></div></div>	

Navn *

E-post *

Nettsted

Jeg er ikke en robot reCAPTCHA Personvern - Villkår

Publiser kommentar

Inspisient - Teatret Vårt
Daglig leder - Cornerteatret
Tekniker med spesialisering lyd - Carte Blanche
Produsent / Davvi – Senter for scenekunst
Teaterfaglig rådgiver/kreativ produsent - Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)
Teaterlærer til kulturskolen, 24% fast - Enebakk kommune

SKRIBENTER

SIST KOMMENTERT

• **Symbolikk og skuffelser i Bayreuth** (1)

• **Andre fortellinger om støtte til fri scenekunst** (1)

• **Seks kompanier får kunstnerskapsstøtte fra Kulturrådet** (3)

• **Kunstnerskapsstøtten og fortellingen om den** (1)

• **Det er kritikkverdig** (3)

KALENDER

07.10. 19:00 Arbeidsvisning: "Butch tribute" av Ann-Christin Kongness og Marte Reithaug Sterud Dramatikkens hus Hallen

08.10. Don Juan Trøndelag Teater Studioscenen

11.10. 19:30 Kate Pendry om: BUGLIOSI, HELTER SKELTER and the origins of true crime Dramatikkens hus Hallen

12.10. 19:00 Candoco: Set and Reset /Reset Dansens Hus Hovedscenen

13.10. 2030 I disse dagar Det Norske Teatret Scene 3

Login

Hele kalenderen

ROBIN FALLER
24.09 - 04.11
VEGA SCENE

NARNDÄ
– LÖVEN, HEKSA & KLESKAPET –
14. OKTOBER – 31. DESEMBER
BILLETTER 91 91 90 90
WWW.BOGALAND-TEATER.NO

DANSENS HUS
CANDOCO DANCE COMPANY
12. - 13. okt

Manish Sharma - Knut Stein - Sudesh Adhana
Regi: Toni Usman

EKS
10. NOVEMBER – 14. JANUAR
TEATERHALLEN

Witch Club Satan
7. 8. oktober USF Verftet

CODA DANCE FESTIVAL 2022
12. – 16. OKTOBER

NYTT LAND!
av Jonas Corell Petersen
Turné i Innlandet
20. oktober – 9. desember

DANSENS HUS
REBEKKA/HUY
22. - 23. okt

SISTE SAKER

TEATER	MUSIKK	DANS	KULTURPOLITIKK
KRITIKK 4.10.22: Befriende om kultur og tilhørighet	KRITIKK 3.10.22: Sirkus Kopatchinskaja	KRITIKK 22.9.22: Innadvendt dans fra arkivet	DEBATT 2.10.22: Kultur er fors
DEBATT 2.10.22: Kultur er forsvar	KRITIKK 29.9.22: Don Giovanni – et offer for patriarkatet?	KRITIKK 9.9.22: I Adams drakt	DEBATT 22.9.22: Andre fortelli støtte til fri scenekunst
KRITIKK 30.9.22: Med hjartet på rette staden	KRITIKK 27.9.22: Trøblete norgesprimiere	KRITIKK 7.9.22: – Ka e det med kunst i Bodo?	NYHETER 21.9.22: Oslo-budsje 2023: Kulturtilskuddene økes m 2023
KRITIKK 30.9.22: Sjødent vellykket temateater	INTERVJU 27.9.22: Frode Olsen – en karriere i sang	NYHETER 29.8.22: Seks kompanier får kunstnerskapsstøtte fra Kulturrådet	DEBATT 13.9.22: Et upartisk kunsttribunal med avantgarden

UTGIVER	ANSVARLIG REDAKTØR: JULIE RØNGVED AMUNDSEN	ANNONSER
---------	--	----------

Scenekunst.no A/S Scenekunst.no er en redaksjonelt uavhengig nettavis for profesjonell scenekunst og tilhørende kulturpolitikk. Vi følger Norsk redaktorforenings **redaktørplakat**. Innlegg i kommentarfelt skal skrives under fullt navn. Scenekunst.no er medlem av **Norsk Tidsskriftforening**. Scenekunst.no er støttet av Norsk kulturfond. Fra 2016 er tidsskriftet organisert som et **almennyttig aksjeselskap** med NTO, OTS, NSF og NoDA som eiere og bidragsytere. Fagforbundet Teater og Scene gir også årlig støtte.

TFLG REDAKTØR FOR OPERA OG SCENISK KUNSTMUSIKK: Hilde Halvorsrud tlf. 480 75 579 hilde@scenekunst.no

VIL DU ANNONSERE PÅ SCENEKUNST.NO? KONTAKT KUNNSKAPSMEDIA AS VED STURE BJØRSETH, TLF. +47 95436031 ELLER ANNONSER@SCENEKUNST.NONYHETSBRV.VIL.DU.ABONNERE.PA.VART.NYHETSBRV?KLIKK.PA.DENNE.LENKEN.OG.GI.OSS.DIN.EPOSTADRESSE.